



Ronny Mjøs
Brørakastet 48
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3261 - 16/30030

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.10.2016

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 137/633 Alver

Teknisk drift syner til brev datert 20.10.2016 og revidert situasjonskart motteke 25.10.2016 vedkomande søknad om å få etablere ny avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 137/633 Alver.

Eigedom har tidlegare fått løyve til å etablere felles avkjørsle med gbnr 137/632. Felles avkjørsle vart etablert på gbnr 137/632. Ny avkjørsle ønskes etablert på eigen grunn.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg på gbnr 137/633 for 1 bueining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Eigar av avkjørsle skal til ein kvar tid halde siktzone vedlike.
- Langs eigedomsgrense mot veg skal det opparbeidast grøft med ei bredde på minimum 1,0m. Grøft skal opparbeidast iht til gjeldande regelverk. Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret og til grøft.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Tidlegare løyve om avkjørsle frå kommunal veg fell bort og vert erstatta av dette vedtaket.



- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld løyve til å knytte seg på kommunal veg. For å bygge avkjørsla skal det ligge føre løyve frå byggesak etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart ny avkjørsl (211101)

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved fagsjef veg

Mottakarar:
Ronny Mjøs

Brørakastet 48 5911

ALVERSUND